



”Geit i Vekst”

v/Ola Søgne sand
Postboks 62
6801 Førde
Mobilnr: 90996816
E-post: ola.sognesand@tine.no

Dato: 19.01.2009.

Slaktetilskot til kje.

Under siste jordbruksavtale blei som kjent vektgrensa for kje som får slaktetilskot auka frå 3,5 til 5,0 kg. Satsen pr kje vart auka frå kr 63,00 til kr 80,00.

Den nye vektgrensa gjeld ikkje for kje slakta i 2008.

Geit i Vekst har kravd vektgrensa justert attende til 3,5 kg med verknad frå 01.01.2009 og har m.a. teke dette opp gjennom Sogn og Fjordane Bondelag og Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag. Bondelaget har ved styrevedtak støtta Geit i Vekst sitt krav.

Den siste tida har ein stressa saka ekstra for om muleg å få ei avklaring før kjeinga set inn for fullt.

Sogn og Fjordane Bondelag har i dag sendt over eit brev frå Norges Bondelag som tydeleggjer kor saka står.

Teksten i brevet er attgjeven nedanfor:

Slaktetilskot til kje, endring av vektgrense

Vi viser til brev av 19.11.08 og ber om orsaking for seint svar.

Som dykk riktig påpeikar var det Jordbrukets forhandlingsutval som foreslo å auke vektgrensa for kje frå 3,5 kg til 5 kg. Intensjonen med forslaget var å få meir kjøtt per kje ut i marknaden. Vi konstanterar dei reaksjonane som er komne i ettertid. Ei eventuell endring av vektgrense for slaktetilskotet til kje, kan tidlegast skje under årets jordbruksforhandlingar. Den eventuelle endringa vil då først kunne tre i kraft frå 1. januar 2010.

Dykkar brev vedrørande saka vil bli lagt fram for Norges Bondelags forhandlingsutvalg.

Med helsing

Anders J. Huus

Renate Kvamme